

ORDENSREGLEMENT FOR INTERNAT PÅ MO

Skulen tilviser rom til dei som får høve til å bu på internatet. Seinare byting av rom skal berre skje etter avtale med internatvakt. Utflytting av internatet kan berre finne stad etter avtale med avdelingsleiar når spesielle tilhøve oppstår. jf. signert husleigekontrakt. Elevane skal sjølve halde orden på romma slik husordensreglane for internatet tilseier.

Elevar som ynskjer overnattingsgjester, må i god tid på førehand gjere avtale om dette med Miljøarbeidar/nattevakt. Personar utanfor skulen, som ikkje er i følge med eller på besøk hos namngjevne elevar, har ikkje tilgang til internatet utan løyve frå internatvakt. Gjester må rette seg etter husordensreglane.

HUSORDENSREGLAR FOR INTERNATET VED FØRDE VIDAREGÅANDE SKULE.

Husordensreglane er oppsett i samsvar med ordensreglementet ved skulen, og skal bidra til å skape eit godt og triveleg butilhøve for elevane.

- Pkt. 1. Det skal veljast eit internatstyre som er samansett av ein elev frå kvar etasje, og miljøarbeidar/nattevakt samt miljøkoordinator.
- Pkt. 2. Møblar og anna innbu må ikkje flyttast ut av romma utan godkjenning frå miljøarbeidar/nattevakt.
- Pkt. 3. Det er ikkje tillate å oppbevare, eller å nytte rusmiddel på internatet eller på skulen sitt område. Ved mistanke om oppbevaring av rusmiddel, kan miljøarbeidar/nattevakt eller andre tilsette ved skulen ta stikk kontrollar på eleven sin hybel eller i garderobeskap i kjellaren.
- Pkt. 4. Skotøy, klede, fritidsutstyr og liknande skal plasserast på hybel eller tilvist plass, ikkje i fellesrom eller i gangar/korridorar.
- Pkt. 5. Det skal generelt vere ro i internatet. Mellom kl. 23.00 (24.00 dagar før fridagar) og kl. 07.00 skal det vere nattero. I dette tidsrommet er det ikkje høve til å opphalde seg i fellesareal eller på andre sine hyblar utan særskild løyve.
- Pkt. 6. Det er ikkje høve til å ha dyr på internatet. Etter brannføresegnene er det heller ikkje lov til å ha open eld på romma, t.d. stearinlys.

- Pkt. 7. Køyretøy skal parkerast på tilvist parkeringsplass.
- Pkt. 8. Ved oppheng av plakatar og liknande, skal det nyttast oppheng som ikkje lagar hull eller merke i veggane.
- Pkt. 9. Rutineinspeksjon av elevhyblane vert utført etter varsel. Dette gjeld òg vaktmeisterfunksjonane når det er naudsynt.
- Pkt. 10. Ved sjukdom/mistanke om sjukdom skal miljøarbeidar/nattevakt eller andre tilsette sjå etter elevar som treng hjelp.
- Pkt. 11. Eleven har ansvar for dagleg reinhald og orden på rommet sitt. Saman med eleven skal miljøarbeidar/nattevakt ha jamleg ha høve til å sjå gjennom elevromma og kunne gje pålegg om rydding og reinhald. Ved utflytting etter avslutta skuleår, skal hybelen vere skikkeleg reingjort.
- Pkt. 12. Retningsliner for bruk av fellesromma på internatet vert utarbeidd av internatstyret, og kvar elev skal, etter oppsette vaktlistar, syte for at fellesromma er ryddige.
- Pkt. 14. Brot på Husordensreglane for internatet fører til:
- Naudsynte tiltak
 - Åtvaring
 - Utvising for kortare tid
 - Utvising frå internatet for resten av skuleåret

Avdelingsleiar set i verk tiltak i samband med brot på husordensreglane for internatet. Ved utvisning kan eleven anke til rektor. Eleven skal varslast, og ha høve til å uttale seg før vedtak om eventuelle reaksjonar vert gjennomført.